

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

(a) «Tillegg - nytt punkt 2

Utan å ta stilling til alle forslag frå utvalet, vil fylkesutvalet peike på kor viktig det er med tiltak og politiske føringar som motverkar sosial ulikskap og segregering, samtidig som ein har respekt for mangfald av løysingar og kultur inn i inkluderingsarbeidet. Utvalet løftar fram familien som den viktigaste ramma rundt borna sine liv og utvikling, derfor må tiltak som støttar og styrker familiane vektleggast. Fylkesutvalet vil peike på at utfordringar om gode levekår ikkje kan isolerast til miljø knytt til innvandrarar. Men for denne gruppa vil norskkunnskapar, i tillegg til andre tiltak, vere avgjerande. Tilgang til rimelege og gode bustader og byutvikling er, saman med mogelegheit for utdanning og arbeid, kanskje dei viktigaste drivarane for betra levekår.»

(b) «Alternativ punkt 1

endre "interessante perspektiv" til "gode perspektiv" (linje 2)»

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Brosvik sine forslag (a) og (b) vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at NOU 2020:16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle. bidreg med mange gode perspektiv og viktig kunnskap som er relevant for folkehelsearbeidet i byar-/bykommunar.
2. Utan å ta stilling til alle forslag frå utvalet, vil fylkesutvalet peike på kor viktig det er med tiltak og politiske føringar som motverkar sosial ulikskap og segregering, samtidig som ein har respekt for mangfald av løysingar og kultur inn i inkluderingsarbeidet. Utvalet løftar fram familien som den viktigaste ramma rundt borna sine liv og utvikling, derfor må tiltak som støttar og styrker familiane vektleggast. Fylkesutvalet vil peike på at utfordringar om gode levekår ikkje kan isolerast til miljø knytt til innvandrarar. Men for denne gruppa vil norskkunnskapar, i tillegg til andre tiltak, vere avgjerande. Tilgang til rimelege og gode bustader og byutvikling er, saman med mogelegheit for utdanning og arbeid, kanskje dei viktigaste drivarane for betra levekår.
3. Ved regionreforma pr 1. januar 2020 vart fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar framheva som vesentleg. Vi kan ikkje sjå at denne rolla er vurdert og omtala i nemnande grad. Vi vil peike på at fleire av dei utfordringane som er utgreidd fell innanfor område der fylkeskommunen har verkemiddel og kompetanse til å bidra. Vi meiner utgreiinga ville ha vore styrka dersom dette vart innarbeidd.